



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Arild Spissøy, 5557 2198

Vår dato
03.08.2018
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2018/9707 522.5
Dykkar referanse
«REF»

Kommunar i Hordaland fylke,
Hordaland fylkeskommune,
Fagлага i jordbruket,
Landbruksrådgivinga Vest.

Informasjon om den tørre sommaren 2018 – så langt.

Fylkesmannen i Hordaland gjorde ei rask undersøking om avlingssituasjonen i fylket, slik den ser ut per 1' ste august. Undersøkinga vart gjort blant kommunane i fylket, samt at vi fekk god informasjon frå Landbruksrådgivinga Vest. Dette er ei tilbakemelding på den undersøkinga.

Vi fekk inn svar frå 17 kommunar. Dei fleste store jordbrukskommunane var blant dei. I desse kommunane har 96 føretak meldt inn at det er mogleg avlingssvikt i ein slik størrelse at ein kan komme til å søke erstatning.

Grovfôravlingane ser ut til å verte lågare enn normalår dei aller fleste stader i fylket. Kvaliteten på fôret er betre med mindre vatn og meir tørrstoff.

Det er store variasjonar mellom områder og teigar; avhengig av jordsmonn, gammal eller ny eng, helling, drenering og så vidare. På nokre teigar ser ein ut til å komme under 50 prosent av normalavling, mens andre teigar har normal vekst.

Alle kommunane og Landbruksrådgivinga peikar på at mykje kjem til å avhenga av siste slått. Vert denne god vil dei aller fleste føretaka komme godt i mål med årets grovfôrproduksjon. I dei fleste kommunar er anslaga per 1' ste august ein svikt på mellom 30 – 50 prosent av normalen på grovfôr. Landbruksrådgivinga sitt anslag er at det for fylket samla kan bli ein produksjon som ligg cirka 25 prosent under normalår. NB: tala er anslag og usikre.

Mange frukt- og bæravlingar ser ut til å bli riktig gode. Det vert framheva at kvaliteten ser ut til å vere spesielt god på ein del artar. 13 føretak har meldt om mogleg avlingssvikt som følgje av ei kraftig haglskur som gjekk i Kvam og Ullensvang.

Vi har meldt dette inn til Landbruksdirektoratet som melder vidare til Landbruks og matdepartementet.

Fylkesmannen i Hordaland har i dag fått melding frå Fylkesmannen i Trøndelag som melder om godt kornår der. Skuronna kommer i gang om ei veke og landbruksdirektøren skriv følgande:

Jeg har vært på en del møter med kornbønder i det siste, og mange er villige til å gi bort halmen og få den pressa bare de får sikkerhet for at den blir hentet. Vi er klar over at frakten

blir like så kostbar som selve halmen og at det derfor er snakk om kjøp av et minimum for å holde vomma i gang for drøvtyggerne. FORMEL Fiber Grovformangel fra Felleskjøpet blir nok hovedingrediensen i forrasjonene til drøvtyggere i tørkerammede områder utover vinteren.

Tiden for å inngå avtaler er nå. Trønderske kornbønder er villige til å slå opp halmkutterne og ta rede på halmen - bare det vet at noen vil betale for pressinga og hente halmen. Om tre uker er det for sent.

Avlingane i Finnmark fylke er og meldt å vere gode og at det er mange bønder der som har fôr til sal som ikkje er unormalt dyr.

Fylkesmannen (staten) har dessverre ikkje anledning til å organisere transport for dei som ønsker halm eller gras. Vi vil likevel spreie denne informasjon vi har fått om tilbudet av fôr.

Med ønsker om en god sisteslåt,

Åse Vaag
landbruksdirektør

Arild Spissøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.